FORSKRIFT FOR

VASS- OG AVLØPSGEBYR

I

HJARTDAL KOMMUNE

Vedteke av Hjartdal kommunestyre den 29.1.2025 i medhald av lov av 16. mars 2012 nr. 12 om kommunale vass- og avløpsanlegg § 3 og forskrift av 1. juli 2004 nr. 931 om avgrensing av forureining (forureiningsforskrifta) kapittel 16.

1. Generelle bestemmingar

§1-1 Formål

Formålet med forskrifta er å gi bestemmingar om berekning og innbetaling av dei gebyr abonnentane skal betale for dei vass- og avløpstenestene som kommunen leverer.

§1-2 Verkeområde

Denne forskrifta gjeld alle abonnentar i kommunen, sjå definisjonen av abonnent i § 1-3, og ho fastset utrekningsmåte og innbetaling av gebyr for dei kommunale vass- og avløpstenestene.

Kommunen kan vedta at kvart vass- eller avløpsanlegg skal reknast som ei eiga gebyrsone. Då gjeld bestemmingane i denne forskrifta for kvar av gebyrsonene, men gebyra i ei sone skal berre dekkje kostnadane i den sona.

§ 1-3 Definisjonar

a) <u>Abonnent:</u>

Eigar av eigedom som er tinglyst med eige gards- og bruksnummer, eige festenummer, seksjonsnummer (under felles gards- og bruksnummer) og/eller eigar av eiga bueining som er knytt til kommunal vass- og/eller avløpsleidning direkte eller gjennom felles stikkleidning, eller som kommunen i medhald av plan- og bygningslova §§ 27-1, 27-2 eller § 30-6 har kravd knytt til kommunal vass- og/eller avløpsleidning.

Feste av eigedom skal stå som abonnent dersom gjenståande festetid, da gebyrplikta trådde i kraft, var 30 år eller meir, eller feste har rett til å få festeavtalen forlenga slik at samla festetid frå gebyrplikten trådde i kraft vil kunne bli 30 år eller meir om festaren gjer bruk av retten sin.

b) <u>Eining:</u>

Med eining i denne forskrifta er meint bueining og/eller næringseining som er registrert i grunnboka med eige gards- og bruksnummer, eige festenummer eller seksjonsnummer (under felles gards- og bruksnummer).

Bueining er husvere (både heilårsbustad og fritidsbustad) med eigen inngang, eige kjøkken og bad/toalett. Med separat inngang meiner ein også eiga dør innanfor hovudinngangen.

c) Kombinasjonsbygg:

Bygg med både bueiningar (bustader) og næringsverksemd.

d) Kommunalt vass- og avløpsanlegg

Hovudanlegg for vass- og/eller avløp som kommunen eller anna offentlegrettsleg organ har bygd eller tatt over ansvaret for.

e) Privat vass- og avløpsanlegg

Som privat vass- og avløpsanlegg reknast private leidningar (stikkleidningar) og utstyr utanfor husets yttervegg som er knytt til offentleg vass- og/eller avløpsanlegg.

Som privat anlegg reknast vidare eit kvart anlegg som kommunen eller anna offentlegrettsleg organ sjølv ikkje har bygd, ikkje har overtatt ansvaret for etter plan- og bygningslovas reglar eller ikkje på anna måte har påteke seg ansvaret for gjennom skriftleg erklæring eller ved sin handlemåte/åtferd. Dersom ikkje anna er avtalt, er den private stikkleidninga rekna til og med anboring for vatn og gren for avløp.

f) Gebyrregulativet

Dette er den gjeldande prisoversikta for vass- og avløpsgebyr i kommunen. Satsane blir kvart år oppdatert gjennom vedtak i kommunestyret.

g) Gebyrsone

Eit område der vass- og avløpsgebyra bereknast åtskild frå gebyra i andre deler av kommunen. Kommunestyret kan fastsette gebyrsoner ut frå kva vass- eller avløpsanlegg abonnenten er knytt til, eller som eit geografisk område.

§ 1-4 Gebyrtypar

Følgjande gebyrtypar i for både vatn og avløp:

a) Tilknytingsgebyr (eingongsgebyr for tilknyting)
b) Årsgebyr (abonnementsgebyr og forbruksgebyr).
c) Gebyr ved midlertidig tilknyting
d) Vassmålargebyr
e) Tilsynsgebyr

Gebyra skal reknast ut særskilt for kvar gebyrsone, basert på kostnadane i den einskilde gebyrsona.

2. Tilknytingsgebyr

§ 2-1 Gebyrplikt

Eingongsgebyr for tilknyting skal betalast i følgjande tilfelle:

a) Nybygg
b) For eksisterande einingar som knytast til kommunalt nett frivillig eller som kommunen krev tilknytt kommunal vass- og /eller avløpsleidning, direkte eller gjennom felles stikkleidning, i medhald av PBL.§§ 27-1, 27-2, og/eller § 30-6.

Tilleggsgebyr krevst for tilbygg eller påbygg som aukar eksisterande bygningsareal med meir enn 50 m2 BRA. Dette gjeld for bustad og næringsareal samt areal til offentleg formål. Det betalast i slike tilfelle for heile utvidinga. For fritidsbustad krevst tilleggsgebyr for tilbygg eller påbygg når tilbygget eller påbygget aukar eksisterande bygningsareal med meir enn 50 m2 BRA og utgjer ei eiga bueining. Nærmare regler om korleis tilleggsgebyret skal bereknast går fram av § 2-2.

Ved gjenoppbygging etter rivning av bygg som har vore knytt til kommunalt nett, skal det berre betalast tilknytingsgebyr dersom arealet på bygninga aukast. Tilknytingsgebyr betalast for arealauken.

Tilknytingsgebyret skal betalast etter dagens satsar uavhengig av om tilknytinga er godkjent eller ikkje.

§ 2-2 Utforming av gebyret

For bygnader som blir nytta som heilårsbustad og fritidsbustad blir tilknytingsgebyret bestemt for den enkelte seksjon eller bueining. BRA bereknast etter NS 3940. Storleiken på tilknytingsgebyret blir bestemt som angitt i tabellen nedanfor. Satsane blir årleg bestemt av kommunestyret og går fram av gebyrregulativet.

For fritidsbustader betalast tilknytingsgebyr med låg sats i følgjande tilfelle:
a) der det er betalt refusjon etter plan- og bygningslova
b) der det er betalt andre former for opparbeidingskostnadar for fellesanlegg som er utført etter planar godkjent av kommunen, og fellesanlegget betener meir enn 10 bueiningar

For andre fritidsbustader betalast tilknytingsgebyr med høg sats.

For anna bebygging som f.eks. offentlege bygg, næringsbygg og næringsdelen av bygg for blanda formål blir tilknytingsgebyret bestemt for den enkelte eining som vist i tabellen nedanfor. Satsane går fram av gebyrregulativet.

For bustad under 100 m2 BRA betalast eit minstegebyr for tilknyting (M) pr. bueining, tilsvarande gebyr for 100 m2 BRA.

For tilbygg eller påbygg som aukar eksisterande bruksareal med meir enn 50 m2 BRA blir gebyret rekna ut frå kva for kategori bygningen befann seg i på tidspunkt for da auken fann stad.

For sanitærbygg ved campingplassar o.l. betalast tilknytingsgebyr tilsvarande 50 m2 pr. godkjent oppstillingsplass for campingvogner og bubilar.

Gebyra pr eining blir berekna ut frå følgjande tabell:

Kategori	**Vatn**	**Avløp**
Bustad opp til 100 m^2 fast minstegebyr (M)	1 M	1 M
Bustad opp til 300 m^2 (kr pr. m^2)	Trinn 1 bustad	Trinn 1 bustad

Bustad over 300 m^2 (kr pr. m^2)	Trinn 2 bustad	Trinn 2 bustad
Fritidsbustad låg sats (§ 2-2, 2. ledd)	8 M	4 M
Fritidsbustad høg sats (§ 2-2, 3. ledd)	8 M	16 M
Næring opp til 300 m^2	Trinn 1 næring	Trinn 1 næring
Næring 301 – 600 m^2	Trinn 2 næring	Trinn 2 næring
Næring 601 – 1000 m^2	Trinn 3 næring	Trinn 3 næring
Næring over 1000 m^2	Trinn 4 næring	Trinn 4 næring

§ 2-3 Ansvar og betalingsfrist

Abonnenten er ansvarleg for å betale tilknytingsgebyr til kommunen. Dette gjeld også der fakturaen for tilknytingsgebyr er sendt til tiltakshavar, forutsatt at tilknytingsgebyret står ubetalt på tidspunktet for den fysiske tilknytinga til kommunen sin vass- og/eller avløpsleidning.

Tilknytingsgebyret blir fakturert når det er gitt løyve til å sette i gang. For eksisterande bebygging blir kravet på tilknytingsgebyr fakturert når løyve til tilknyting er gitt eller tilknyting faktisk har funne stad dersom slik løyve ikkje tidlegare har vore gitt.

3. Årsgebyr

§ 3-1 Gebyrplikt

Årsgebyr skal betalast av abonnenten som er eigar/festar av alle eigedomar nemnt i § 1-3 bokstav a) som er knytt til kommunal vass- og/eller avløpsleidning direkte eller gjennom felles stikkleidning eller som kommunen i medhald av plan- og bygningslova §§ 27-1, 27-2 eller § 30-6 har kravd knytt til kommunal vass- og/eller avløpsleidning.

Plikta til å betale årsgebyr oppstår frå det tidspunkt bruksløyve for eit nytt bygg er gitt. For eksisterande bygg og for bygg som er tilknytt utan at bruksløyve er innhenta, oppstår plikta til å betale frå det tidspunkt da faktisk tilknyting til kommunen sitt leidningsnett fann stad.

Den faste delen av årsgebyret (abonnementsgebyret) blir berekna frå månaden etter at eigedomen er godkjent tilknytt kommunalt leidningsnett i samhøve med pkt. 2.4 i standard abonnementsvilkår for vatn og avløp.

Er tilknytinga ikkje godkjent av kommunen, skal abonnenten betale både abonnementsgebyr og forbruksgebyr frå og med det tidspunkt tilknytinga har skjedd.

Har kommunen ikkje anna berekningsgrunnlag, blir storleiken på gebyret skjønnsmessig. Slik berekning inneber ikkje at kommunen har godkjent tilknytinga.

§ 3-2 Utforming av gebyra

Årsgebyret for vass- og/eller avløpstenester betalast av alle abonnentar og består av to delar:

1. Abonnementsgebyr (årsgebyrets faste del)
2. Forbruksgebyr (årsgebyrets variable del)

Storleiken på abonnentsgebyra og prisen pr. kubikkmeter vatn for vass- og avløp blir bestemt årleg av kommunestyret, og kjem fram av gebyrregulativet.

§ 3-3 Abonnementsgebyr (fastledd)

Alle abonnentar pliktar å betale abonnementsgebyr. Abonnementsgebyret blir differensiert etter følgjande brukarkategoriar:

a) Heilårsbustad
b) Fritidsbustad
c) Næringsbygg, offentlege bygg og bygg for andre blanda formål.

Alle abonnentar i ein brukarkategori betaler eit like stort fast beløp, som kjem fram av gebyr-regulativet. Abonnementsgebyret blir bestemt for den enkelte seksjon eller bueining.

Abonnementsgebyret for fritidsbustader blir bestemt lik N (normalgebyr) x 2,2 for vatn og N (normalgebyr) x 1,25 for avløp.

For offentlege bygg og næringsbygg, herunder næringsdel i kombinasjonsbygg, blir abonnementsgebyret for vatn og avløp bestemt trinnvis i tre kategoriar på grunnlag av dimensjon på inntaksleidninga slik det går fram av tabellen under.

Dimensjon på leidning i ØDy-mm	**Gebyrstorleik (N x abonnementsgebyret for bueining)**
Mindre eller lik 55	**N = 1**
56-99	**N = 6**
Større enn 99	**N = 10**

§ 3-4 Forbruksgebyr basert på målt forbruk

Alle næringsabonnentar og abonnentar som er eigarar av våningshus på gardsbruk pliktar å betale forbruksgebyr basert på målt vassforbruk og pris pr. m3. Det same gjeld bustad og fritidsbustad med svømmebasseng. Forbruket blir målt med installert vassmålar. Frist for installering av slik målar er sett til 1. januar 2022. Kommunen kan også i andre tilfelle bestemme at vassmålar skal installerast.

Alle nye bueiningar som blir oppført etter 1. januar 2022 skal installere vassmålar, og betale forbruksgebyr basert på målt forbruk. Dette gjeld ikkje fritidsbustader, men kommunen kan i det enkelte tilfelle krevje vassmålar installert i fritidsbustader.

Eksisterande bueiningar som er knytt til kommunal vassleidning kan velje å installere vassmålar eller ha gebyret utrekna etter areal og stipulert vassforbruk i tråd med § 3-5. Når målar først er installert, kan abonnenten ikkje velje å gå tilbake til stipulert forbruk.

Avløpsmengde reknast lik vassmengde. Unntak frå dette må dokumenterast av abonnenten. Satsane går fram av gebyrregulativet.

§ 3-5 Forbruksgebyr basert på stipulert forbruk

Dersom vassmålar ikkje er installert, er i ustand, eller kommunen av andre årsaker ikkje har motteke måleravlesing frå abonnenten, skal forbruksgebyret stipulerast i forhold til den enkelte eininga sin kategori basert på BRA rekna ut etter NS 3940. Satsane som blir nytta ved stipulering av forbruksgebyret kjem fram av gebyrregulativet.

Avløpsmengde reknast lik vassmengde. Unntak frå dette må dokumenterast av abonnenten.

For fritidsbustad betalast eit fast beløp uavhengig av bruksareal.

Årsgebyr pr. eining blir berekna ut frå følgjande tabell:

Kategori	**Vatn**	**Avløp**
Bustad opp til 120 m^2 (Stipulert forbruk 150 m^3)	Trinn 1 Bustad	Trinn 1 Bustad
Bustad 121-200 m^2 (Stipulert forbruk 185 m^3)	Trinn 2 Bustad	Trinn 2 Bustad
Bustad over 201 m^2 (Stipulert forbruk 245 m^3)	Trinn 3 Bustad	Trinn 3 Bustad
Fritidsbustad, uavhengig av bruksareal (Stipulert forbruk 33 m^3)	Trinn 4 (fritidsbustad)	Trinn 4 (fritidsbustad)
Næring 0 - 300 m^2 (Stipulert forbruk 300 m^3)	Trinn 1 næring	Trinn 1 næring
Næring 301 – 750 m^2 (Stipulert forbruk 750 m^3)	Trinn 2 næring	Trinn 2 næring
Næring 751 – 1500 m^2 (Stipulert forbruk 1500 m^3)	Trinn 3 næring	Trinn 3 næring
Næring over 1500 m^2 (Stipulert forbruk 3000 m^3)	Trinn 4 næring	Trinn 4 næring

§ 3-6 Frådrag eller tillegg i årsgebyret.

Dersom avløpsmengda frå ein næringsabonnent er vesentleg større eller mindre enn det målte vassforbruket, kan forbruksgebyret for avløp baserast på målt eller stipulert/berekna avløpsmengde (utslepp) dersom bedrifta kan sannsynleggjere differansen.

Frådrag i årsgebyret for andre enn næringsabonnentar er betinga av at det installerast avløpsmålar for å dokumentere storleiken på frådraget.

For næringsverksemd og offentleg verksemd, der samansetninga på avløpsvatnet avviker frå vanleg hushaldningsavløp, kan det fastsettast ulike gebyrsatsar.

Restriksjonar på vassforbruk eller kortare avbrot i vassforsyning eller mottak av avløp, gir ikkje grunnlag for reduksjon i gebyra.

Lengre avbrot i vassforsyning kan gi gebyrreduksjon i forhold til reglane i lov av 21.06.2002 nr. 34 om forbrukarkjøp.

Det kan gis fritak frå årsgebyret (både abonnementsgebyr og forbruksgebyr) dersom abonnenten blir fråkopla det kommunale leidningsnettet. Dette gjeld berre der det ikkje ligg føre tilknytingsplikt til kommunalt leidningsnett. Der det ligg føre tilknytingsplikt, kan det berre gis frådrag for forbruksgebyret.

Søknad må i slike tilfelle sendast kommunen. Fråkopling kan først skje etter at kommunen har gitt godkjenning. Abonnenten må betale alle kostnadar kommunen har i forbindelse med fråkopling og eventuell seinare tilkopling. Ved innvilga søknad om fritak opphører plikta til å betale årsgebyr frå det tidspunkt melding om at anboringspunktet er plombert er registrert mottatt.

§ 3-7 Ansvar og betalingsfrist

Abonnenten er ansvarleg for å betale årsgebyr til kommunen.

Plikt til å betale årsgebyr trer i kraft frå og med det tidspunkt som er angitt i § 3-1.

§ 3-8 Ansvar for opplysningar om abonnent

Abonnenten skal melde frå om endringar i abonnementsforholdet til kommunen.

Inntil kommunen har mottatt slik melding og inntil kommunen har oppdatert abonnentdata frå matrikkelen, skal abonnenten betale årsgebyr som tidlegare.

§ 3-9 Retting av feil gebyrberekning

Har mangelfulle eller feil opplysningar ført til feilaktig gebyrberekning, skal berekninga rettast og differansen gjerast opp. Ved slik retting av gebyrberekninga vil kommunen forhalde seg til bestemmingar i foreldelseslova.

4. Vassmålar

§ 4-1 Installasjon

Kommunen kostar og leverer vassmålar opptil 2,5 kubikkmeter pr. time. Abonnenten må sjølv sørge for å installere vassmålaren. Kommunen bestemmer type, plassering og storleik på målaren, tilpassa forbruket. Installasjon og plombering av vassmålaren skal gjerast av godkjent røyrleggar i samsvar med dei til ei kvar tid gjeldande reglar.

§ 4-2 Eigarforhold

Vassmålaren er kommunen sin eigedom dersom ikkje anna ordning er avtalt med abonnenten.

§ 4-3 Kostnadar

Kostnadane med drift og utskifting av vassmålarar inngår i årsgebyret og arbeidet blir utført av kommunen. Abonnenten skal betale eit årleg gebyr for leige av vassmålaren. Satsane for dette blir fastsatt i gebyrregulativet.

Abonnenten dekker kostnadane i samband med installasjon og plombering av vassmålar. Der vassmålar er defekt som følge av frost eller skade eller har gått tapt, må abonnenten installere og koste ny vassmålar.

For abonnentar med større dimensjon på vassmålaren enn 2,5 kubikkmeter pr. time, skal kostnadar og vedlikehald dekkast av abonnenten. Kommunen godkjenner type og storleik på målaren. Det skal betalast eit årleg administrasjonsgebyr til kommunen til dekning av administrasjonen av vassmålaren. Satsen for dette blir fastsatt i gebyrregulativet.

§ 4-4 Avlesing av vassmålar

Abonnenten skal lese av vassmålaren ein gong pr. år. Målardata skal sendast kommunen innan 10. januar det påfølgjande året.

Dersom kommunen ikkje mottek vassmålaravlesing som avtalt, vil forbruksgebyret bli stipulert i samsvar med § 3-5 i denne forskrifta.

Dersom kommunen må foreta avlesning av vassmåler kreves særskilt gebyr for dette.

§ 4-5 Tilsyn og vedlikehald

Abonnenten skal halde målaren lett tilgjengeleg for avlesing og tilsyn.

Abonnenten skal føre tilsyn med måler. Blir ein målar skadd eller går tapt, skal abonnenten straks melde frå til kommunen. Som skade reknast også at plombering av måler er brote. Der kommunen er eigar av vassmålaren, kan kommunen krevje erstatning for tap eller skade av denne.

Kommunen kan til ei kvar tid føre tilsyn med målar. Kontrollør frå kommunen skal legitimere seg uoppfordra.

§ 4-6 Utskifting, flytting og eigarskifte

Når vanleg levetid for ein målar er nådd, kan kommunen bestemme at målaren skal skiftast ut.

Kommunen kan krevje flytting av målar som er plassert i strid med kommunen sitt krav til plassering. Abonnenten bekostar slik flytting.

Ved eigarskifte skal vassmålar lesast av og målarstand skal oversendast til kommunen.

§ 4-7 Nøyaktigheitskontroll.

Kommunen skal rettleie abonnenten om eigna metode for eigen kontroll av målar.

Både kommunen og abonnenten kan krevje nøyaktigheitskontroll av målar. Kommunen avgjer om kontrollen skal gjerast av kommunen eller av ekstern kontrollinstans. Kontrollen skal gjerast med måleutstyr og prosedyrer for måling som er akseptert av Justervesenet. Kontrollen skal gjelde heile det aktuelle måleområdet.

Krev abonnenten nøyaktigheitskontroll av målar, skal abonnenten bere kostnadane ved slik kontroll dersom kontrollresultatet viser meir enn 5 % for høgt forbruk. I motsett fall dekker kommunen kostnadane.

Dersom målaren ved kontroll viser meir enn 5 % for høgt forbruk, har abonnenten krav på tilbakebetaling for feilmålinga begrensa av foreldingslovas reglar. Dersom målaren viser meir enn 5 % for lågt forbruk har kommunen krav på tilleggsbetaling etter tilsvarande reglar.

5. Eigedom med midlertidig tilknyting.

§ 5-1 Gebyrplikt for midlertidige tilknytingar

Med midlertidig tilknyting meiner ein bygg/anlegg som har innlagt vatn, men der bygget/anlegget ikkje er i permanent bruk, og kun skal brukast i ein begrensa periode. Eit eksempel på slikt anlegg er anleggsbrakker.

Eigar/festar av eigedomen skal betale abonnementsgebyr og forbruksgebyr for vass- og avløp etter gjeldande reglar for næringsverksemd med avrekning i forhold til den tid tilknytinga er operativ. Det betalast i slike tilfelle etter målt vassforbruk, evt. stipulert på bakgrunn av storleiken på brakkeriggen dersom måledata ikkje skulle vere tilgjengeleg.

For midlertidig tilknyting inntil 2 år betalast gebyr tilsvarande 1/2 minstegebyr (dvs 1/2 M, jf § 2-2) for tilknytinga. Midlertidig tilknyting gjeld for inntil 2 år, med høve til å søke om forlenging. Dersom den midlertidige tilknytinga varer meir enn 2 år, skal det betalast gebyr tilsvarande eit minstegebyr (1 M) slik det går fram av tabellen i § 2-2. Dette gjeld sjølv om det er søkt om midlertidig forlenging og søknaden har blitt godkjent.

6. Avsluttande bestemmingar

§ 6-1 Lovpant og tvangsgrunnlag for utlegg

Forfalt krav på årsgebyr er sikra med lovpant i eigedomen etter lov av 8. februar 1980 nr 2 om pant (panteloven) § 6-1. Både årsgebyr og eingongsgebyr for tilknyting er elles tvangsgrunnlag for utlegg.

Gebyra kan krevjast inn av kommunekasseraren etter reglane om innkrevjing av skatt.

§ 6-2 Klageadgang og vedtaksmyndigheit

Enkeltvedtak etter denne forskrifta blir fatta av teknisk avdeling i Hjartdal kommune og kan påklagast til særskilt klagenemnd oppretta av kommunestyret.

Det er ikkje klagerett på gebyr som er fastsatt iht. kommunen sitt gebyrregulativ, jf forvaltningslova sine bestemmingar om klage.

Påløpt gebyr kan fråfallast heilt eller delvis dersom særlege grunnar tilseier dette.

§ 6-3 Ikrafttreden

Denne forskrifta trer i kraft 29.1.2025.